

Ingvard Charles Haug
Radøyvegen 1667
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2171 - 21/57098

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
06.09.2021

Svar på brev av 25.07.2021 - gbnr. 445/364 Manger nedre

Viser til din e-post av 25.07.2021 med brev av same dato der du har ein del spørsmål til fotograferinga av bilane, som er plassert på eigedommen. Vi beklagar sein tilbakemelding. Det skuldast ferieavvikling og stor saksmengde i avdelinga for Miljø og tilsyn.

Alver kommune mottok kvar veke bekymringsmeldingar frå innbyggjarar som ønskjer å vere anonyme. Nokre av innmeldarane ønskjer ikkje at namnet deira skal komme fram, og dei ønskjer difor å melde inn ulovlege tilhøve anonymt. Dette er ein rettighet som ein har, og som ein lyt respektere i den offentlege forvaltninga.

Alver kommune har, med heimel i forureiningslova § 50, rett til uhindra adgang til eigedommar der forureining kan oppstå eller har oppstått. Adgangen kan vere varsla eller ikkje varsla. Formålet med føresegna er at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før sakshandsaming, jf. forvaltningslova § 17 første ledd første setning.

Bileta som føreligg av bilane på eigedommen din, er tekne av kommunalt tilsett Hogne Askeland på oppdrag frå sakshandsamar Astrid Riise. Bileta er tekne 14.04.2021, då han var på Manger.

Dei som sakshandsamar saka di, har hatt ei gjennomgang av bilete dokumentasjonen, og kan ikkje sjå at han som har tatt bileta, har gått inn på eigedommen din. Dette er også stadfesta av han som tok bileta.

Ved all vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til **sak nr: 21/2171**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingvard Charles Haug

Radøyvegen 1667

5936

MANGER